



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

Kyrkjebladet

Nr. 4 - 2024 - 81. årgang

FOR BYGLAND



Haustkveld over Bygland - Foto: Geir Daasvatn

***Dette kan du lese om i Kyrkjebladet: Andakt
Ungdomsgudsteneste med KVS Bygland • Ljosmesse og jolekonsert
Bønemøter og anna møteverksemd • Me syng jola inn • Førjolssamling
Minnekveld og konsert • Smørbukk til jol • Vårt nye misjonsprosjekt***

Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru:

Vi er forlorne

Så er det jol att. Denne rare tida da det meste er annleis. Det er mørketid, men ljosa skin no som klårast mest overalt i denne mørkaste tida på året. Dette er tida for jolegater, jolebasarar, jolekonsertar og jolemarknader, jolemat og jolenissar. Og mykje anna som likesom lyser mot oss og fortel oss at no er det jol.

Alt er annleis

Også språket er likesom litt annleis i jola. Vi elsker å høyre på dei gamle jolesongane som vi song da vi var små, dei med alle dei gamle fine orda. Eia var vi der! Berre ordet Betlehem skapar hos mange av oss gode minne og varme og fine assosiasjonar. Og joleevangeliet lyder for mange best i dei gamle omsetjingane. Soga om barnet som vart fødd i ein vesal stall, sveipt og lagt i ei krubbe mens englane song englesongen der ute på betlehemsmarka til hyrdingane som heldt vakt over sauene.

Jola er også tida for sterke kjensler og mykje lengting. Ikkje alle har det så godt når høgtida nærmar seg. Mange tenkjer attende på den jola som ein gong var da dei var små. No er kanskje alt annleis. Hos mange er det nokon som ikkje er der blant dei lenger. Og andre familiar er splitta og slit på ein eller annan måte. Nokon slit med psykiske og kroppslege skavankar og andre slit med rus.

Vi var forlorne


Dette er ei setning frå ei jolesalme som er henta frå ei salme som presten, salmediktaren og folke-minnesamlaren Magnus Brostrup Landstad skreiv og som han gav ut i 1856. Det første verset lyder slik:

*Fra fjord og fjære,
fra fjell og dype dal
et «Ære være!»
i dag gjenlyde skal.
Fra kirketårne
i fryds basuner støt
for Guds enbårne
som er i dag oss født.
Vi var forlorne,
nu er vi frelst av nød!*

Det er nok mange som kan kjenne seg forlorne, eller fortapt, i denne krevjande tida som vi er inne i. Det er så mykje vi ikkje har kontroll over. Alt som skjer rundt oss gjer oss fort utrygge og engstelege. Krigen har kome nærare, klimaet er i endring og kunstig intelligens trugar med å ta over og styre våre liv. Pandemien som råka oss kan koma attende, og stadig kjem det meldingar eller oppringingar på telefonane våre frå folk som vil lure frå oss noko. Vi må heile tida vere på vakt.

Det sanne lyset

I Johannesevangeliet kallar forfattern Jesus for Det sanne lyset, det som lyser for kvart menneske, det som denne jolekvelden kom til verda i den vesle byen Betlehem. Jesus vil vere lys inn i vårt livs mørke. Han er lyset i heile verda, og lyser for kvart einskild menneske. Sjølv sa han dette om kva han vil vere og bety for oss: «Som lys er eg komen til verda, så ingen



som trur på meg, skal bli verande i mørket.»

Så skal vi ikkje korkje kjenne oss forlorne eller vere fortapte i følgje med Jesus. Og når eg skriv dette, er det naturleg å sitere det som står i Den vesle bibelen, Johannes 3,16: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå tapt (forloren), men ha evig liv.»

Sanninga

Eg er vegen, sanninga og livet, sa Jesus. Men når Jesus talar om sanninga brukar han ikkje det ordet som ei motsetning til løgn og usanning. For når han seier dette: «De få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie», så er det ei guddommeleg sanning han talar om. Ei absolutt sanning.

Prøv berre å bytte ut ordet sanning med Jesus i dette skriftordet ovanfor som er henta frå Johannesevangeliet 8,32: De få kjenna Jesus, og Jesus skal gjera dykk frie. Jesus forklarar dette med å utdjupe det på denne måten: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Kvar den som gjer synd, er slave under synda. Får Sonen (Jesus) gjort dykk frie, blir de verkeleg frie.»

Den som følger sanninga, kjem til lyset

Det som står skrive i denne overskrifta er også noko som Jesus seier om seg sjølv. Igjen kan vi bytte ut ordet sanning med Jesus: Den som følger Jesus, kjem til lyset. Lyset er i dette verset Gud sjølv. «Gud er lys; i han finst det ikkje mørker.» Det vitnar bibelen om. Så er det om å gjere for oss menneske å følge Jesus på vår livsvandring. Da vil vi ikkje berre ein gong ved tidas ende koma til lyset, vi skal også få vandre vår livsvandring her på jorda i Hans lys. Når vi opnar oss for Jesus vil han gjennom Den heilage ande ta bustad i våre hjarte og fylle oss med sitt lys og sin kjærleik.

Lyset har ein bodskap

No for tida kveiker, eller tenner, både moder og fader alle ljøs, så dei skin i kvar ei krå, som det heiter i jolesalma «Eg er så glad kvar jolekveld». Og sjølv om det for det meste er LED-lys som tennast i heimane i våre dagar, så ber lysa like fullt til oss bodskapen om Det sanne lyset som skin for kvart menneske. Dette er jolebodskapen: Jesus vart ikkje berre fødd i ein stall. Han var den som sona for all vår synd og skuld på krossen.

Så han kom ikkje berre til jord ei gong da han vart fødd i Betlehem, han er den som kjem til oss den dag i dag, og vil vere med oss i våre liv som ei kjelde med vatn som bryt fram og gjev evig liv.

Kong David

Jesus hørde til Davids hus og ætt, og kong David har skrive mange salmar som vi har i det gamle testamentet. I den mest kjende av dei, salme 23, skriv han dette: «Om eg så går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. For du er med meg. Din kjepp og din stav, dei trøystar meg.» Og dette med

Kyrkjebladet for 50 år sidan - 1974

KUNNGJERINGAR

EM. AA. KLEIVANE (Indremisjonen) vitjar Bygland i tida: 25. - 29. sept.
BARNAS MISJONSDAG, Bygland og Ardal, blir søndag 6. oktober. Nærare kunngjering seinare.
AKSJONSVEKA I ARDAL tek til tysdag 15. oktober. Kvar husstand i soknet vil få programmet.
SEKR. MANGOR LARSEN (Israelmisjonen) kjem til Bygland i tida: 5. - 10. november.

Gåver til Kyrkjelydsbladet

Olav D. Tveit 5, Torkjell D. Tveit 5, Daniel O. Tveit 5, Amund K. Tveit 5, Birgit A. Tveit 10, Gunnar Tveit 10, Asmund Tveit 10, Ingrid Hilleren 5, Solfrid Vestøl 5, Olav Dahl 5, Knut Tveit (y) 5, Anna Synnøve Kyrvestad 5, Asuly K. Tveit 10, Torjus Vikli 10, Gunstein N. Neset 10, Pål A. Lauvdal 10, Torjus J. Frøyraak 5, O. T. Bygland 20, Amund Skåmedal 20, Gro Skomedal 10, Anne Valborg Bratteland 10, Kåre Vedal 10, Tore Sandnes og Torbjørg Rognlien 20, O. P. Rønning 20, Signe Kille Berg 10, Elvind M. Skåmedal 10, Siri Fosslid 10, Birgit Fosslid 10, Gyro Eldhuset 10, Jorunn Ronne 2 dollar, Targeir Sandnes 10, Kåre Vegusdal 10, Ragnhild Vile 5, G. Nordgarden 5, Margit Olsen 10, Tellef Gautestad 5, Toralf Moseid 10, Birgit Vatsend 10, Sina Hauge 5, Dreng Frøysnes 10, Jørund Rysstad 10, Amund Lunden 5, Omund Frøyraak 5, Grande Frøyraak 5, Ase Frøyraak 5, Flinn Hauge 10, Sigrunn Lund 10, Olav A. Lunden 10, Torleif Bøe 5, R. Hausvik 5, Syvert Hommen 10, Jorunn Bøe 5, Nere Neset 20, Eyvind Lande 10, Valborg Soltveit 10, Gunnlaug Urnes 10, Knut p. Sandnes 5, Targeir Sandnes 5, Torbjørg Pettersen 5, Sigrid Sandnes 5, Olav V. Sandnes 10, Sigrid Sandnes 5, Tone A. Sandnes 10, Tora og Targeir Sandnes 5, Torbjørn Sandnes 10, Mari Dahl 5, Anne Hennes 5, Olav Liestøl 5, Gunnar Liestøl 5, Anne Rud 10, T. Vaagenes 10, N.N. 100, Nordgard 20, Birgit og Olav Nybø 10, Margit Svenson 5 dollar, Anne Skaare 10, Knut Nordenå 10, Gro Urdi 10, Knut Aland 10, Knut Kåsi 10, Olav K. Borgi 10, Asuly Haugtveit 10, Anne Heggveit 20, Hallvard Eldhuset 15, Olav Krokan 10, Torjus Haugen 8, Signe Haugen 10, Olav Nedstoga 10, Olav Lid 10, Eli Borgi 10, Torstein Haugen 10, Olav G. Nordgarden 10, Gunnar Galkkestad 10, O. P. Nordgarden 10, Gunnar O. Lidtveit 10, Olav Segberg (y) 10, Grande Gausi 10, Mari Nordgarden 10, Sigrid Nordenå 10, Gunnar Sordal 10, Tone Heggveit 10, Tore Nordgarden 10, Tormod Nordgarden

Frå heim og kyrkje



BYGLAND

Døypte:
29/7: Marianne Simonsen.

ARDAL

Døypte:
28/7: Tarjei Tveitå.
18/8: Jonny Kallhovd.
7/7: Marie Hangeland. - Døyp i Hylestad kyrkje.
18/8: Inger Margrethe Røysland.

Avlidne:
2/9: Olav Espelid, f. 11-3-1884.

SANDNES

Døypte:
21/7: Berit Susanne Nordgarden.
Ektevigde:
17/8: Torbjørn Frøysnes og Svanhild Sømme. - Vigd i Høyland.
Avlidne:
6/8: Gunnar F. Nordgarden, f. 11-11-1894
3/9: Tone Aa. Sandnes, f. 29-1-1888.

AUSTAD

Ektevigde:
10/8: Jon Aabø og Ingebjørg Langeid.
Avlidne:
8/8: Daniel T. Ose, f. 31-10-1924.

Soknerådskurs 1974

Etter det oppsett som er tilsendt frå Agder Bispedameråd vert soknerådskurset for Otredal prosti, onsdag 2. okt. - Møtestad: Valle menighetshus.

Program:

Kl. 18.00: Åpningshelsing.
Kl. 18.15: «En levende menighet». - Biskopen. - Samtale.
Kl. 19.30: Bevertning.
Kl. 20.00: «Menighetsrådet i funksjon». - Sekr. K. Reinertsen. - Samtale.
Kl. 21.30: Slutt.

Så vonar vi på eit godt frammøte til kurset.

10, Karl Salomonsen 10, Siri Fosslid 10, Birgit Krosshøl 10, Torbjørn Borgi 10, Anne Marie Haugland 10, Hallvard Haugen 10, Kjetil Haugen 10, Torbjørg Sordal 10, Gudrun Haugen 10, Sigrid Trydal 5, Bjørgulv Løyland 5, Gunnar Løyland 5, Ingebjørg Thue 5, Sigrid Engen 5, Gunhild Greibrokk 10, Hartvik Fjeldberg 5, Marie Lande 5, Marie Løvhaug 5, Birgit Lande 5, Magnhild Brukås 5, Hjarteleg takk

å vandre i dødsskuggens dal eller land, er noko som også vart sagt sa Jesus vart fødd: «Det folket som bur i mørker, har sett eit stort lys, over dei som bur i dødsskuggens land, har lyset stråla fram.». Vi menneske kan kanskje også kjenne litt på dette, det at vi vandrar i dødsskuggens dal. Men da skal vi vite at akkurat når vi kjenner at vi er der, så er Jesus nærast oss med sitt lys, sin trøyst og sin kraft.

«Herren er nær hos dei som har eit sundbrote hjarte, han frelser dei som har ei knust ånd».

Salme 34,19

God jol!

Med desse orda ønskjer eg alle lesarane av Kyrkjebladet ei fredeleg og velsigna god jol.

Kjell Steinbru



Ungdomsgudsteneste med KVS Bygland

Tysdag 19.november kl. 20.00 inviterte sokneprest Kjell Steinbru og KVS Bygland til kveldsgudsteneste i Bygland kyrkje. Det vart reine festkvelden - med mange flotte innslag!

Tekst og foto: Olav Nilsen

Først fekk me eit strålende prelude av vår nye eminente organist og pianist Eirik Hodnemyr, og sjeldan har det vel kome ut så mykje godlyd av kyrkjens piano!

Så ønskte sokneprest Kjell Steinbru oss velkomen, og losa oss gjennom kvelden med stor entusiasme og innleving, og med eit klårt og varmt budskap om Jesus!

Eit team frå Bildøy bibelskule både song med oss og for oss, akkompagnert av både piano, trommer og gitar, og allsongen ljoma over heile lokalet.

Både nede i salen og oppe på galleriet hadde ein stor gjeng ungdommar frå KVS Bygland sessa seg, og attpåtil var ein god gjeng godtfolk frå Bygland med denne kvelden - i alle aldrar!

Fleire av årets konfirmantar var og til stades!

Etter gudsteneste trakk me opp i matsalen til KVS, der det vanka både kaffi, kaker og andre god-saker!

Kvelden vart sein før me tok på heimveg, og attpåtil var markene dekt av eit lite lag nysnø før månen kom fram att på ein vinterkald stjernehimmel.

Det er i slike stunder, og med så mykje gild ungdom, ein skjønner at det framleis er von for framtida!

Dei siste åra har skulen hatt fulle hus, med over 85 elevar! Betre kan det ikkje bli!



Fakta om KVS Bygland - henta frå skulens heimeside:

KVS-Bygland

Me er ein kristen vidaregående privatskule eigd av indremisjonsforbundet. Skulen ligg idyllisk til i naturskjøne omgjevnader på Bygland, i hjartet av Setesdalen, 10 mil nord for Kristiansand og 12 mil sør for Hovden.

Me tilbyr utdanning innan byggfag og naturbruk.

Rundt oss har me vakker natur med både fjord, skog og høgfjellet like i nærleiken. Det er enorme mogelegheiter for dei som er interessert i hest, jakt, fiske og turar i skog og mark.

Historie

KVS-Bygland er ein ung, men likevel gamal skule. I 2002 vart Bygland Skogskule overteke av Indremisjonsforbundet. Skogskulen var ein av fleire fylkeskommunale skogskular som utelukkande utdanna skogsarbeidarar.

Stadig synkende elevtilgang gjorde at skogskulen til slutt måtte legge ned, og skulelokala stod uten aktivitet eit par år før Indremisjonen takka ja til tilbodet om å ta over. Indremisjonen fekk overta eiendommene mot å sørge for fortsatt skuledrift på Bygland. I starten vart skulen dreve under KVS-Lyngdal, men den står no på egne bein.

Kristen skule

KVS-Bygland er altså ein privat vidaregående skule, eigd av Indremisjonsforbundet. Det inneber at skulen har ein kristen profil. I praksis gjev det seg utslag i at me startar skuledagane med ein kort andakt, og at me inviterer til kristne møter på tirsdagskveldane (friviljug).

Me har og eit strengt reglement i høve til bruk av rusmidler. Vidare ønskjer me å påvirke til ein høg og sunn arbeidsmoral, samt å formidla den kristne trua og håpet om eit evig liv. Indremisjonen har lang tradisjon for skuledrift og driv fleire grunnskular og vidaregående skular.

Ljosmesse og jolekonsert i Årdal kyrkje Grendi

Første søndag i advent var det duka for ljosome og jolekonsert i Årdal kyrkje Grendi. Noregs lengste korps, under eminent leiing av dirigent Ingrid Eieland Flåt framførte dei fagraste joletoner for oss gjennom eit langt og innhaldsrik program.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Og korpset ber namnet sitt med rette, for her var det musikantar frå Vennesla i sør til Bykle i nord!

Endåtil ein sambygding av kyrkjevevja kasta glans over den feiande flotte jolekonserten!

Sokneprest Kjell Steinbru hadde med seg konfirmantane som bar levande ljøs og framførte ein legande om fred, tru, kjærleik og håp, og der det er håpet som aldri sløkkjer. Dette var så flott framført at det burde vore teke opp, men ein tek med sjølv forteljinga.

Og sist, men ikkje minst, gjorde

vår nye organist og pianist Eirik Hodnemyr sterkt inntrykk med sitt glitrande og friske pianospel. På siste allsongen klappa heile forsamlinga i takt, og kyrkjevevja vart så reven med at han endåtil reiste seg!

Det var godt og vel 75 deltakarar tilstades denne kvelden, inkludert korps og konfirmantar, og det såg ut til at folk verkeleg koste seg inne i ei varm og ljøs kyrkje på ein regnfull og heller guffen desemberkveld utandørs.

Det er første gong ein arrangerer Ljosmesse og jolekonsert samstundes, men dette var så bra at det utan tvil bør verte ein god førjolstradisjon!

Legenda om dei fire lysa

Jesus seier i Bergpreika: Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampa på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!

Fire lys brenn for fred, tru, kjærleik og håp. Det er heilt stille, så stille at vi kan høyre lysa tale til

kvarandre.

Det første lyset sukka og sa: Mitt namn er fred. Eg skin klårt, men menneskja vil ikkje ha fred, de vil ikkje ha meg". (Lyset blir sløkt.)

Mitt namn er tru. Men eg er blitt overflødig. Menneska vil ikkje vite av Gud lenger. Det er meiningsløst at eg brenn". (Så sløkte det andre lyset.)

Mitt namn er kjærleik. Eg eig ikkje lenger krafta til å brenne. Menneska overser meg. Dei ser bare seg sjølv og ikkje dei andre som dei skulle elske". (Også det tredje lyset sløkte.)

Men det fjerde lyset, håpet sitt lys, brenn enno:

De skal då lysa og ikkje sløkna». «Ver ikkje redde! Så lenge dette lyset brenn, kan vi tenne dei andre lysa igjen, for mitt namn er håp". (Alle lys blir tent att).

I første Peters brev står det skrive: Spenn då beltet om livet, ver vakne og budde i tanke og sinn! Set håpet fullt og fast til nåden de skal få når Jesus Kristus openberrar seg.



Noregs lengste korps i aksjon.



Konfirmantane deltok aktivt i gudstenesta.



Vårt dugande soknerådsmedlem Liv Sigrun Upsal fekk fram dei nydelegaste toner på trekkbasunen sin.



Vår nye eminente pianist og organist klar til innsats!



Glade medarbeidarar takkar for ein gild og hugnadsfylt kveld. Frå venstre: Medarbeidarane Åse Gudrun Thortveit, Kjell Steinbru, Rune Stormark, Janne Wikstøl, Knut Gakkestad, Eirik Hodnemyr, Kari Aud Bakke Svenningsen og Svein Kleivane. Framme saman med jolenissen frå venstre: Soknerådsmedlemmene Gro Tove Frafjord Sandnes, Ann Cecilie Andersen og Liv Sigrun Upsal.

Ei gild førjolssamling

Kvart år i adventstida samlast dei kyrkjeleg tilsette og soknerådet i Bygland til førjolssamling på Revsnes hotell.

Tekst og foto: Olav Nilsen

I år var me heile 13 medarbeidarar samla til ein god jole tallerken, velsmakande dessert og kaffi.

Etterpå gjekk turen inn i biblioteket, der vår nye organist og pianist Eirik Hodnemyr innleia med feiande friske pianotoner.

Han avslutta kvelden med like friske takter, medan allsongen tona over heile Revsnes hotell!

Kyrkeverja nytta høvet til å ønskje både han og vår nye trusopplærar Janne Wikstøl hjarteleg velkomne i staben.

Samstundes vart vår kjære sokneprest Kjell Steinbru takka for tru-

fast innsats på mange plan -ikkje minst gjennom hans gode, klare og bibelske forkynning i preiker og andakter.

Så vart det samtala om arbeidet, og det vart frå fleire uttrykt glede over den gode auken det i haust har vore i oppslutning om gudstener og andre samlingar.

Mot slutten heldt trusopplærar Janne Wikstøl eit varmt og gripende vitnesbyrd om sitt eige liv og si eiga Gudstru, og om korleis ho dei sista åra har fått erfara ein levande Gud som er med oss i vår kvardag. Dette understrekte ho med mange henvisningar til Guds Ord, mellom anna i Apostelgjerningane 17.28, der det står: *"For i Han er det me lever og rører oss og er til!"*

Ho avslutta med å minne oss om det evige håpet og den framtida som ventar oss i trua på Jesus og i trua på alle hans løfter i sitt Ord.

Heile andakten kjem i neste nummer av Kyrkjebladet, så då har lesarane verkeleg noko å sjå fram til!

Vonheimkoret syng jola inn

Som tidlegare vil Vonheimkoret og i år stå for ei førjolssamling i Sandnes kyrkje Åraksbø. I år vert dette søndag 22. desember kl.18.00.

Knut Olav Uppstad trakterer tangentane, Åse Gudrun Thortveit kjem med oppbygglege ord, Vonheimkoret syng og Soknerådet serverer jolelogg. Dessutan vert det mykje allsong. Kom og ver med på ei triveleg stund i vår vakre kyrkje i Åraksbø!

Svein Kleivane

Bønnemøter på Bygland vår -25

Velkommen til bønn i Jesu navn.
Matt.7 v. 7-11:

Be, og dere skal få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere.

Ledere av bønnemøtene:

Gunveig Viki, Tone Gakkestad og Tove Ingeborg H. Tveitå

Vonheim Bygland:

Mand. 13. Jan. Kl. 19.00

Åraksbø Grendehus:

Mand. 27. Jan. Kl 19.00

Vonheim Bygland:

Mand. 10. Febr. Kl 19.00

Åraksbø Grendehus:

Mand. 24. Febr. Kl 19.00

Vonheim Bygland:

Mand. 10. Mars. Kl. 19.00

Åraksbø Grendehus:

Mand. 24. Mars Kl 19.00



Møter Bygland våren 2025:

Åraksbø Grendehus:

Tirsdag 21. Januar kl 1900:

Åge Solsvik taler og synger.

Vonheim, Bygland:

Tirsdag 4. Februar kl. 1900:

Hanna og Egon Falck taler

Åraksbø Grendehus:

Onsdag 5. Februar kl. 1900:

Marie Hornes (IMF)

Vonheim Bygland:

Onsdag 26. Februar kl 1900:

Åpne Dører.

Åraksbø Grendehus:

Onsdag 12. Mars kl 1900:

Ellen Raen fra Israelsmisjonen

Åraksbø Grendehus:

Fredag 21. Mars kl. 1900:

Gunnar Jeppestøl taler og Sangvenner fra Vennesla synger.

Vonheim Bygland:

Torsdag 3. April kl 1900:

Gunnar Jeppestøl taler

Dåp i Austad kyrkjegardskapell

I snart 100 år har dette kapellet, eller tårnet som det vel vert kalla, stått på kyrkjegarden på Austad.

Av Kjell Steinbru

Det var i si tid meint som starten på eit gravkapell, men desse planane vart det ikkje noko meir av. Men tårnet stod ferdig i 1933. Det har vore kyrkje på Austad heilt frå 1200-talet, og ein reknar med at det har vore gravplass her heilt frå før-kristen tid. Den nye Austad kyrkje vart bygd på andre sida av Otra, på Tveit, i 1880. Og namnet Austad kyrkje følgde med over til kyrkja på den andre sida.

Inne i dette tårnet er det eit lite

rom. Det er ikkje plass til så mange der, men med litt list og lempe og når ein utnyttar plassen godt kjem det inn ein del folk. Og heile dåpsfølget og presten med fekk plass denne dagen.

For den 23. november vart kapellet altså nytta til dåp. Det var vesle Sigrid Austad Lien som vart døypt denne dagen. Foreldra hennar er Siri Austad Bjørgum og Sondre Lien.

Dåpsvatnet som vart nytta vart henta frå tre stader. Det var frå: Austad, Eiken og Bråvann.

Klokkar denne dagen var Knut A. Austad. Kapellet er laga sånn at han måtte sitte oppe i klokketårnet under heile seremonien.

På biletet ser ein foreldra med dåpsbarnet framme i midten. Rett bak dåpsbarnet står oldemor Ingeborg.

Minnekveld og konsert med Ingamay Hörnberg

Den som kjenner kyrkjeverja i Bygland veit at livet er best om kvelden og utover natta. Morgonen kan ofte vera så som så. Difor gjeng eg alltid først ut på kjøkenet og set på kaffikjelen.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Deretter ruslar eg ut att i stova og set på same plata mest kvar morgon.

Den er frå 1975 med tittelen «Jag følger dig». Og kven andre enn Ingamay Hörnberg er det som syng?

Når eg har spelt dei tre første songane på side B: «Djup strilla frid», «Kom nu til kjellan» og «Jag har funnit frihet» kjenner eg at livet likevel er godt - sjølv på ein mørk vintermorgon!

Gleda var difor stor då Morten Skjævestad frå Skjærgårdssang spurde om me ville ha Ingamay Hörnberg og ektemannen hennar

Lennart Sjöholm på konsert i Bygland kyrkje!

Og kva passa betre enn på Minnedagen 3.november?

Songar av godt gammalt merke

Det vart ein fin kveld, der Lennart Sjöholm til innleiing spela både preludium og tonar til ettertanke. Innimellom dette las sokneprest Kjell Steinbru opp namna på dei som hadde gått bort siste året, det var sunge ein felles-sang, og så tok Ingamay over.

Lyden var diverre ikkje den beste denne kvelden, så neste gong stiller me med lokal lydmann slik me plar.

Men songane var av godt gammelt merke - varme, mjuke og klangfulle og med stor variasjon. Kven minnest ikkje Lill Linnfors med «Du er den enda». Og denne framførte Ingamay på finaste vis!

Mykje folk

- og Setesdalsuppe

Kyrkja vart mest stappande full med heile 120 menneske til stades - og ei godt blanding av pårørande,



bygdefolk og tilreisande.

Heilt frå Tromøya og Kristiansand hadde enkelte teke vegen denne fine haustkvelden - der den raude kveldshimmelen kasta ekstra glans over alle som kom.

Men det vart ikkje berre konsert og minnekveld - det vart og ei strålende bevertning! For her stilte vår dyktige soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes med store mengder Setesdalssuppe som gjekk ned på høgkant i den store forsamlinga. Og trur du forhjelpe meg ikkje Gunnar Gautland frå Grendi hadde bakt lefser til?

Betre kunne det ikkje bli!

På heimveg

Det var ein takksam flokk som reiste heimatt denne kvelden, og kven veit om ikkje Ingamay Hörnberg og Lennart Sjöholm dukkar opp att ein vakker dag?

Nokre røyster tagnar når dei vert eldre, og det er nokre år sia Ingamay spelte inn den plata kyrkjeverja vert oppkvikka av på mørke haustmorgoner!

Då var ho 27 år. Så kan den som vil rekna ut alderen hennar no. Men etter mange års pause har ho teke songstemmen i bruk att for fullt!

Ho har gjeve ut ei rekke LP-ar, dei fleste innan gospel, og etter eit langt



SMØRBUKK I HOPPBAKKEN



— Ein dag i romjula er det hopprenn. Det er godt føre, og gutane hoppar som perler på ei snor. Men brått vert det ropa: — Stans — stans. Ei bikkje i unnarrennet!



— Han Smørbukk er alt i tilrennet, svarar dei som står oppmed hoppet. Det søkk mest i folkehopen då dei høyrer dette.



Smørbukk huker seg godt ned og får bra fart. Så sprett han til som var han ei fjør. — Best å tøya godt på i fyrste hoppet, ja!



Men sist i svevet kjem ei vindkule så han misser jamvekta. — Hoj! sukker Smørbukk då han landar på ei ski. — Eg la meg visst for lite på.



— Men no fekk eg då sanneleg att jamvekta! Men kva er det som kjem på skia mi? Ei bikkje!



Og kva var det eg fekk i fjeset så det svir i naseheinet mitt? Eit bikkjeband!



Fillebikkje, du er. Der fór nok premien min i vasken og! — Eg som jamt plar ha ikring 19 i stål.



— Det vart då ståande hopp! Så du set deg der du! — Å ja, men eg slepper deg nok ikkje!



— Får eg premi? undrast Smørbukk då domaren kjem framåt. — Du får vel 13 «Terrier-klubben's gåvepremie», Smørbukk!

opphald, gav plateselskapet Lynor ut ein samle-CD kalla «Dag til ro» i 2005.

Den inneheldt fleire av hennar mest kjende gospel-songar gjennom tidene.

For 3 år sia gifta ho seg med sin barndoms kjærleik Lennart

Sjöholm. Han er ein av Sveriges mest kjende musikal, plateprodusent og songar, har motteke over 100 gullplatina-plater, og endåtil ein «Grammy Award» i USA for ei plate med den kjende gospelsongaren Andrea Crouch.

Så som ein skjøner var det

ikkje småfolk med hadde med oss i Bygland kyrkje denne fagre søndagskvelden. Men den aller mest kjende og kjære kom til oss gjennom songane me fekk høyra. Og det er det aller største!

Machase - vårt nye misjons

Bygland og Årdal sokneråd har frå 01.01.2025 inngått ein 2-åreg misjonsavtale med Den Norske Israelsmisjon. Der går støtta uavkorta til Machase.

Tekst: Olav Nilsen

Machaseh tyder tilfluktsstad. Machaseh gjev menneske eit glimt av himmel midt i ein tung og vanskeleg kvardag, der menneske blir sett, anerkjent og verdsett.

Prosjektet rettar seg i hovudsak mot kvinner, og famnar både jødar, arabarar og palestinarar.

Me vil i løpet av 2025 ha fire kyrkje-ofringar til dette formålet, men du kan og gje di gåve direkte til

kontonummer 2801.12.85726 eller VIPPS: 545689.

Merk då gåva "Machase", så vert ho vidare sendt direkte til dette prosjektet.

Fokusområder:

- Redda born og vaksne frå utrygge heimar
- Kjempa mot menneskehandel
- Bistå med juridisk veiledning
- Tilby terapi og sjelesorg
- Tilby mat og klær til dei fattige
- Hjelpa holocaustoverlevende
- Driva forsoningsarbeid (Benot Yeshua/Jesu døtre)
- Samtalegrupper om tabubelagte tema

Krigsherja region

I ein region der krig og vald herjar, er Den Norske Israelsmisjon på plass med ulike fredsskapande tiltak mellom folkegrupper som elles ofte ligg i bitter strid.

Israelsmisjonen feirer i år sitt 180-årsjubileum, og var såleis starta lenge før staten Israel vart oppretta. Namnet kjem avdi jødane den gong vart kalla Israelittar.

Fram til Israel vart oppretta i 1948 var det først og framst evan-

gelisk og sosialt arbeid blant jødar i Aust-Europa som var i fokus, og framleis har Israelsmisjonen arbeid i Ungarn, Romania og ikkje minst Ukraina - der dei i kystbyen Odessa befinn seg svært nær krigsfronten mot Russland.

Her samarbeider dei med "Jews for Jesus", som dei og har eit samarbeid med blant jødar i London.

Israelsmisjonens motto er "Evangelieliet tilbake til jødene" - sia dei som folk endå ikkje har teke imot Jesus som sin Messias.

I Israel driv Israelsmisjonen eit omfattande diakonalt og evangeliserande arbeid, og kyrkelydene dei stør er samansett av både jødar, palestinarar og arabarar.

Tusen takk for at du er med å gje Jesus attende til jødane!

Gjennom å støtta kvinnearbeidet til Machase er du og med på bygga bruer mellom dei ulike folkegruppene. ■



Jeg skulle ønske Nadya kunne være med i kvinnefellesskapet i Jerusalem. Heldigvis kan du gi henne hjelp av terapeuten Lena over telefon.

prosjekt

Nadya er så alene - hun trenger din hjelp

Jeg heter Elisabeth Eriksen Levy. Jeg sender en bønn hjem til deg: Kan du hjelpe kvinner, som lider på grunn av krigen? Jeg er leder på Casparisenteret i Jerusalem. Vi samarbeider med det messianske kvinnesenteret Machase. Hit kommer både jøder og arabere, som trenger din hjelp.

Mange kvinner står nå i vanskelige situasjoner. Mange er ensomme og redde. Noen opplever vold i nære relasjoner. Noen kvinner er også alene hjemme med barn i mange måneder på grunn av krigen. Disse kvinnene trenger støtte.

Trenger fellesskapet

En av de som trenger hjelp, er Nadya. Nadya er en kristen araber. Fellesskapet sammen med andre som tror på Jesus, har betydd svært mye for henne. Nå kan hun ikke komme på kvinnesamlingene lenger. Etter angrepet 7. oktober har jeg ikke møtt Nadya fysisk, fordi hun bor i Betlehem.

Den spente situasjonen har gjort det umulig for henne å reise til trosfellesskapet sitt her i Jerusalem. På telefon forteller hun hvordan hun har det. - Situasjonen er forferdelig. Helsen min har blitt verre på grunn av krigen.

Legen sier jeg må slappe av, men jeg klarer ikke, forteller Nadya.

Trenger mat

Nadya likte så godt å være med som frivillig her i Jerusalem. Hun

Arabiske Nadya savner kvinnefellesskapet i Jerusalem. Krigen har gjort helsen hennes dårligere. Kan du gi henne mat, medisiner og samtaler med terapeut?



delte ut klær og mat til kvinner som sto på utsiden av samfunnet, for å gi dem et glimt av himmel.

Nå er det Nadya som trenger mat på bordet og klær på kroppen. Og medisiner. Det kan du være med og gi henne, for vi har noen som kan kjøre over grensen til henne. Og du kan gi henne enda mer.

Noen å snakke med

Du kan gi Nadya hjelp fra terapeuten Lena. Lena er utdannet til å hjelpe kvinner i krise, og hun kan fremdeles hjelpe Nadya - på telefon.

Lena tar vare på meg. Jeg vil være hos dem. Jeg vil takke Lena og teamet så mye. De er familien min. De spør meg: Hvordan går det med deg. Stundene med dem er så viktige for meg. Vi ber sammen som en familie, forteller Nadya oss.

Vis Nadya at hun ikke er alene!

Jeg håper krigen slutter snart, så jeg kan gi Nadya en klem. Frem til den dagen, er hun avhengig av

maten og støtten du kan være med å gi.

Kan du hjelpe Nadya og de andre kvinnene som er en del av fellesskapet? Du kan blant annet gi mat, klær, medisiner og samtaler med Lena. Din gave gir kvinnene et glimt av himmel.

Her er forslag på gaver du kan gi:
320,- for bevertning til en kvinnegruppe.

610,- for en pose med klær.

1.050,- for en dag med samtaler med mange forskjellige kvinner.



Vennlig hilsen
Elisabeth Erikson Levy
Daglig leder ved Caspari senter



Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

Søndag 22. desember

4. søndag i adventstida

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.18.00
Me syng jola inn med Vonheimkoret
Soknerådet serverer joleglogg

Tysdag 24. desember.

Jolaftan

Byglandsheimen kl.13.00
Bygland kyrkje kl.14.30
Jolegudsteneste ved Knut Gakkestad
Organist: Brit Haugen
Preiketektst: Lukas 2, 1-20 Jesus blir fødd
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Tysdag 24. desember.

Jolaftan

Årdal kyrkje Grendi kl.16.00
Jolegudsteneste ved Kjell Steinbru
Me går rundt joletreet
Organist: Oddbjørn Stakkeland
Preiketektst: Lukas 2, 1-20 Jesus blir fødd
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Onsdag 25. desember.

Joledag

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Knut Olav Uppstad
Preiketektst: Joh 1, 1-14 Ordet vart menneske
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Onsdag 1. januar

Nyårsdag/Jesus namnedag

Årdal kyrkje Grendi kl.11.00
Nyårsdag/Jesu namnedag
Nyårsgudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketektst: Matteus 1, 18-25 Jesu fødsel.
Takkoffer til Lego Romania

Søndag 12. januar

2. søndag i openberringstida

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketektst: Matteus 3,13 - 4.11
Jesus vert døypt
Takkoffer til Israelsmisjonen

Søndag 9. februar

6. søndag i openberringstida

Bygland kyrkje kl.11.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Eirik Hodnemyr

Preiketektst: Markus 4, 35-41 Jesus stiller stormen
Takkoffer til Søndagsskoleforbundet

Søndag 23. februar

Kristi Forklåringsdag

Årdal kyrkje Grendi kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketektst: Matteus 17, 1-8 Læresveinane får sjå Jesu Herlegdom
Takkoffer til Byglandsfjord barnekor

Søndag 23. mars

Maria Bodskapsdag

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00
Gudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketektst: Lukas 1, 26-38 Bodskapen til Maria
Takkoffer til Bibelselskapet

Søndag 13. april

Palmesøndag

Hovatn ved Åraksbø kl.12.00
Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketektst: Johannes 12, 1-13
Jesus blir salva i Betania
Takkoffer til Åpne Dører

Kvittering

Innbetalt til konto
2898 20 05630

Betalingsinformasjon

Gåve til
Kyrkjebladet

Betalt av

Støtt
Kyrkjebladet
vopps
554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
v/økonomiavd. Bygland kommune
4745 Bygland

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

2898 20 05630

<6530865305>

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Tor Jørgen Omnes, født
16.09.1982, død 12.10.2024

Døpte

Sigrud Austad Lien,
døpt 23.11.2024 i Austad
kyrkjegardskapell

Andaktar på Byglandsheimen

Alle er velkomne til andaktane på Byglandsheimen annankvar tysdag kl. 14.00. Framover vert dei følgjande tysdagar: 17. desember - 24. des. kl. 13.00 Jolegudsteneste - 14. januar - 28. januar - 11. februar - 25. februar - 11. mars - 25. mars - 8. april - 22. april - 6. mai - 20. mai - 6. juni - 17. juni
Andaktshaldarare: Sokneprest Kjell Steinbru, Tove Tveitå og Knut Gakkestad

Kyrkjelydene i Bygland

Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

Sokneprest Kjell Steinbru
Telefon: 473 28 472
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen
Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd
Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes
Mobil: 950 44 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt
Mobil: 941 74 761
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist
Hans Jurgen Wiehe. 915 47 804
Eirik Hodnemyr (eige firma)
Mobil: 975 69 885
E-post: eirik@hodnemyr.no

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal
Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Svein Kleivane 977 74 321

Reinhaldarar
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Gro Tove Frafjord Sandnes
(Sandnes) 950 44185
Kari Aud Bakke Svenningsen
(Årdal) 911 80 315

Prostidiakon
Åse Gudrun Thortveit . . . 916 85159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

Trusoppplærar
Janne Theodora Wikstøl . . 901 21906
E-post: janne.wik@icloud.com

Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1954

Gudstenester

- 17. søndag e. trieinjing, 10. oktober kl. 11. Araksbø.
- 18. s. e. tr., 17. okt. kl. 11. Bygland kyrkje.
- 19. s. e. tr., 24. okt. kl. 11. Byglandsfjord. Nattverd.
- Bededag, 31. okt. kl. 11. Araksbø. Nattverd.
- Helgemessesundag, 7. november kl. 11. Austad kyrkje. Nattverd.
- 22. s. e. tr., 14. novbr. kl. 11. Årdal kyrkje. Nattverd.
- 23. s. e. tr., 21. novbr. kl. 11. Bygland kyrkje. Nattverd.
- 1. søndag i advent, 28. novbr. kl. 11. Araksbø.
- 2. s. i advent, 5. desbr. kl. 11. Austad kyrkje.

BASARAR I VONHEIM:

- 9. oktober. Santalmisjonens barnelag (siste kveld).
- 30. oktober og 6. november. Kvinneforeninga i prestegarden.

Mannen som lette etter en „ren” menighet

En mann spurte en gang Charles Spurgeon om hans menighet var en «ren» menighet. Mannen sa seg om etter en slik menighet som han ville gå inn i. Spurgeon svarte at han visste ikke hvordan det sto til i så måte i hans menighet. Han visste at den hadde mange gode medlemmer, gudfryktige og kristne folk; men der kunne muligens være en Judas iblant dem, slik som der var mellom Jesu disipler, og der kunne også være bedragerer og avgudsdyrkere og vrangvillige, som en ser at det var i menighetene i Rom og Korint og alle de andre som brevene i Det nye testamente er skrevet til. All i alt trodde Spurgeon ikke at hans menighet var den som mannen sa seg om etter. Han visste i det hele ikke om der noen gang hadde vært en slik menighet. «Men», sa Spurgeon, «skulle det hende at De fant en slik menighet, så vil jeg bede Dem at De ikke går inn der, for De vil komme til å skjemme den ut.»

Kvittering for bladpengar

- G. M. Skomedal, Fiane kr. 2.—
 - Lotte Krosstue Gunstenson
 - Fisher, Minn. » 3.—
 - Margit Svensen, N. York » 3.—
 - Frå Byglandsfj. v/ frk. Kostøl . . . » 90.—
 - Fru Anna Larsson, Kr.sand S. . . » 2.—
- Hjarteleg takk!

Frå kyrkjebøkene

Mens graven kastes, vuggen gynger, og liv udsletter dødens spor, så alltid seg igjen forynger hver ædel slekt i syd og nord, og mindet om Guds miskundhed forplanter seg i tusend led. (Grundtvig)

Avlidne:

- 19. juni: Hmv. barn Olav Jan Gunnarson Skomedal, f. 27. juni 1953.
- 21. juni: Gardsarb. Olav Såveson Ose, f. 14. januar 1921.
- 27. juni: Hmv. Torbjørg Dale, f. 17. april 1888.
- 28. juni: Enkje Gunhild Digerud, f. 11. mai 1868.
- 9. juli: Budeie hv. Birgit Hovdestad, f. 7. mars 1869.
- 22. juli: Gbr.kone Helga Sordal, f. 22. november 1908.
- 6. sept.: Arb.hv. Anne Skeie, f. 16. juli 1836
- 12. sept.: Alderspensj. Siri Dale, f. 12. november 1865.


Døpte:

- 4. juli. Årdal kyrkje: Torgeir Moseid, f. 5. april. Foreldre: Rutesjåfor Jørgen Moseid og k. Gunda, f. Brokeland.
- 4. juli. Årdal kyrkje: Anne Berit Vestøl, f. 11. mai. Foreldre: Sagarb. Sigurd Vestøl og k. Astrid Marie, f. Omnes.
- 4. juli. Årdal kyrkje: Stadfesting for heimdøpt barn Gro Pettersen, f. 15. august 1953 i Namsos. Foreldre: Lækjar Odd Kjeil Pettersen og k. lækjar Erna Eleonore, f. Waage.
- 18. juli. Årdal kyrkje: Ingeborg Krossen, f. 5. juni. Foreldre: Rutesjåfor Anund Olavson Krossen og k. Dagny, f. Ose.
- 29. juli. Bygland kyrkje: Gunnar Harstad, f. 1. juli. Foreldre: Sokneprest Dreng Harstad og k. Birgit, f. Heistein.
- 1. august. Austad kyrkje: St.f. for heimd. barn Knut Faremo, f. 6. juni. Foreldre: Skogsarb. Vette Knutson Faremo og k. Anne, f. Heistad.
- 29. august. Austad kyrkje: Anne Langeid, f. 10. juli. Foreldre: Postopnar Bjørgulv Langeid og k. Torbjørg, f. Heistad.


Vigde:

- 3. juli: Sjåfor Torjus Øygarden, Mykland og hmv. Tone Lidtveit jr.
- 14. august: Fabrikktyrar Håkon Thue og Ingebjørg Løyland, båe Oslo.
- 21. august: Student Hallvard Frøysnes og student Astrid Moi, Hornnes.
- 4. sept.: Smed Lars Arneberg og hushj. Tone Heggland, båe Kristiansand S.

Bladstyrar: SIGURD ROE
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand



*Avsender: Kyrkjebladet for Bygland
v/Olav Nilsen
Skisland 28, 4715 Øvrebo*



Vinterdag ved Storestraumen - Foto: Frank Egil Reise